



Aurland kommune  
Vangen 1  
5745 Aurland

# TILSYNSRAPPORT

Sogn pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

Tema:

Utarbeide sakkunnige vurderinger og hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen

Sak 2019/10989

## **Innhald**

Samandrag .....	3
1. Innleiing.....	4
2 Om tilsynet med Sogn PPT.....	4
2.1 Tema for tilsyn .....	4
2.2 Om gjennomføringa av tilsynet .....	5
2.3 Om tilsynsrapporten.....	5
3. Utarbeide sakkunnige vurderingar og hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen .....	6
3.1 Rettlege krav - utarbeide sakkunnige vurderingar.....	6
3.2 Hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for elevar med særskilde behov .....	7
4. Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	8
4.1 Utarbeide sakkunnige vurderingar .....	8
4.2 Hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen .....	16
5. Førehandsvarsel om vedtak.....	18
6. Frist for retting av brot på regelverket .....	19
Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget .....	20

## **Samandrag**

Tilsynet blei opna før den nye kommunelova trådde i kraft, og reglane i den gamle kommunelova gjeld difor for dette tilsynet.

### Tema og regelverket sin funksjon

PPT har ei viktig oppgåve for å sikre at kommunen som spesialpedagogisk vedtaksinstans gjer vedtak i samsvar med eleven sine særskilde behov. I tillegg til det individretta arbeidet skal også PPT hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særskilde behov.

Sogn PPT er ei interkommunal pedagogisk psykologisk teneste som gir pedagogisk psykologiske tenester til skulane i Aurland kommune. I dette tilsynet kontrollerer Fylkesmannen Sogn PPT sin praksis ved skulane i Aurland kommune, det vil seie om tenesta oppfyller krava til å utarbeide sakkunnige vurderingar og å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen i forhold til elevar med særskilde behov. Det aktuelle regelverket går fram av opplæringslova, særleg §§ 5-3 og 5-6.

### Kvifor Aurland kommune og PPT vart for tilsyn?

Vår risikovurdering i forhold til PPT går fram av vårt varselbrev datert 16. mai 2019:

Aurland kommune har tidlegare kjøpt tenester frå Voss PPT, men frå 01.08.2016 har kommunen fått tenester frå Sogn PPT.

Tidlegare tilsyn har vist regelverksbrot i forhold til skuleeigars system, og difor fører vi nytt tilsyn med skuleeigars forsvarlege system, men denne gongen i forhold til PPT sine oppgåver.

### Dokumentasjon

I samband med tilsynet har Sogn PPT ved PPT-tilsette og PPT-leiing levert inn eigenvurderingar gjennom RefLex<sup>1</sup>, Aurland kommune har sendt inn sakkunnige vurderingar på ulike årstrinn. Den 15.oktober 2019 gjennomførte vi intervju med både PPT-leiinga og PPT-tilsette. Intervju med skulefagleg ansvarleg i Aurland kommune vart gjennomført 26. september der også påtroppende rådgjever deltok.

### Funn og konsekvensar

På dei fleste kontrollspørsmåla er Sogn PPT sin praksis i samsvar med regelverket. Vi har likevel konkludert med at Sogn PPT sin praksis ikkje er i samsvar med regelverket sine minimumskrav når det gjeld sakkunnige vurderingar. Dette gjeld kontrollspørsmål om vektlegging av elevar sine synspunkt – særleg elevar over 15 år, eleven sitt utbytte av den ordinære opplæringa, eleven sine realistiske opplæringsmål og eit forsvarleg opplæringstilbod for eleven.

Aurland kommune har hatt høve til å kommentere på den førebelse tilsynsrapporten, jf. forvaltningslova § 16 og fristen var sett til 18. desember 2019. Då vi ikkje har motteke merknader frå Aurland kommune, vert rapporten gjort om til endeleg tilsynsrapport.

Kommunen har frist for retting av regelverksbrota til **23. mars 2020**.

---

<sup>1</sup> Utdanningsdirektoratet: <https://reflex.udir.no> Nettbasert verktøy som skal gi offentlege skular og skuleeigar hjelp til å vurdere om eigen praksis er i samsvar med opplæringslova med tilhøyrande forskrifter.

## **1. Innleiing**

Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunen oppfyller dei pliktene som er pålagt i eller i medhald av opplæringslova, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 10 A.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir haldne, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Dersom kommunen ikkje følgjer regelverket, kan Fylkesmannen påleggje retting etter at kommunen har fått ein frist for å rette regelverksbrota.

Tilsyn er utøving av offentleg myndighet, og blir gjennomført i samsvar med reglane i forvaltningslova og offentleglova.

Denne tilsynsrapporten gir ikkje ei heilskapsvurdering av skuleeigaren sitt forsvarlege system. Rapporten omhandlar berre resultat knytt til temaet som er valt, og på det tidspunktet tilsynet er gjennomført. Når det gjeld metode for tilsyn etter opplæringslova, har Utdanningsdirektoratet utarbeidd ei eiga handbok som Fylkesmannen skal nytte. Handboka<sup>2</sup> ligg på Utdanningsdirektoratets nettsider.

## **2 Om tilsynet med Sogn PPT**

Sogn PPT er ei interkommunal pedagogisk psykologisk teneste for kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Sogndal og Vik. Vidare yter kontoret tenester til vidaregåande skular i Sogndal, Aurland og Balestrand. 1. januar 2020 er Balestrand, Leikanger og Sogndal kommune slått saman til Sogndal kommune. Vidare er Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune slått saman til Vestland fylkeskommune.

### **2.1 Tema for tilsyn**

Hovudtemaet spesialundervisning inngår i felles nasjonalt tilsyn frå 2018 og er delt inn i tre delar:

1. PPT sitt ansvar for å utarbeide sakkunnige vurderingar og hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen.
2. Gjere vedtak om spesialundervisning.
3. Planlegge, gjennomføre og følgje opp spesialundervisninga.

I dette tilsynet undersøker vi om Sogn PPT oppfyller krava til å utarbeide sakkunnige vurderingar og hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen.

Parallelt med dette tilsynet har vi ført tilsyn med om Aurland kommune som skuleeigar har eit forsvarleg system for å vurdere om PPT oppfyller krava i regelverket for å utarbeide sakkunnige vurderingar, og å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen. Det er utarbeidd ein eigen tilsynsrapport for tilsynet med skuleeigar sitt forsvarlege system.

---

<sup>2</sup> Metodehåndbok for tilsyn - en håndbok for tilsyn i metode for tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven.

## **2.2 Om gjennomføringa av tilsynet**

Aurland kommune vart i varselbrev 16.mai 2019 bedt om å legge fram dokumentasjon med heimel i kommunelova § 60 c.

Tilsynet blei difor opna før den nye kommunelova trådde i kraft, og reglane i den gamle kommunelova gjeld difor for dette tilsynet.

I varselet om tilsyn frå Fylkesmannen er det informert om at Aurland kommune og Sogn PPT er valde ut på bakgrunn av kor sannsynleg det er at krava i regelverket ikkje er oppfylte, og kva for konsekvensar det kan få for elevane. I vår risikovurdering har vi lagt vekt på følgjande:

- Aurland kommune har tidlegare kjøpt tenester frå Voss PPT, men frå 01.08.2016 har kommunen fått tenester frå Sogn PPT.
- Tidlegare tilsyn har vist regelverksbrot i forhold til skuleeigars system, og difor fører vi nytt tilsyn med skuleeigars forsvarlege system, men denne gongen i forhold til PPT sine oppgåver.

I varselbrevet bad vi om 9 sakkunnige vurderingar frå Aurland kommune fordelt på årsstega 2., 3., 4., 5., 7., 9. og 10. Ved innsendinga melde kommunen at dei ikkje hadde sakkunnig vurdering på 4.årssteg, og kommunen sende i staden inn sakkunnig vurdering for 1. årssteg.

Kommunen hadde frist til 19. august 2019 for å levere sakkunnige vurderingar og eigenvurderingar i RefLex, dvs. eigenvurderingar frå tilsette i PPT og frå leiinga ved Sogn PPT. Eigenvurderingar og dokumentasjon vart levert innan fristen.

I varselbrevet varsla vi om eventuelle datoar for intervju med skuleeigar, leiar for Sogn PPT og aktuelle tilsette ved Sogn PPT. Det vart gjennomført stadleg intervju med PPT-leiing og PPT-tilsette i Sogndal 15.oktober 2019. Intervju med skulefagleg ansvarleg i Aurland kommune vart gjennomført 26. september 2019. Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar i tilsynsrapporten er basert på skriftleg dokumentasjon og intervju, sjå vedlegg.

Under tilsynet vart PPT-leiar ved Sogn PPT langtidssjukmeldt. Leiaroppgåvene vart difor fordelt på fleire tilsette. Dei interne leiaroppgåvene vart fordelt på tre PPT-tilsette ved kontoret og dei eksterne leiaroppgåvene vart lagt til konstituert kommunalsjef i Sogndal kommune. Då leiaroppgåvene er fordelt på fleire, har vi nytta PPT-leiing i staden for PPT-leiar i rapporten.

## **2.3 Om tilsynsrapporten**

Då kommunen har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd, er Aurland kommune adressat for tilsynsrapporten.

Gjennom denne tilsynsrapporten gjev vi kommunen eit førehandsvarsle om at Fylkesmannen kan vedta pålegg om retting av regelverksbrot, jf. forvaltningslova § 16. I den endelege tilsynsrapporten får Aurland kommune ein rimeleg frist til å rette regelverksbrotet før vi eventuelt vedtek pålegg om retting. Dette vil først skje dersom kommunen ikkje rettar opp brota på regelverket.

Nokre stader i rapporten skriv vi at PPT skal hjelpe skulane med å « utvikle kompetansen og organisasjonen». I dette ligg det at PPT skal hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen, for å leggje betre til rette for elevar med særskilte behov.

Under tilsynet vart PPT-leiar ved Sogn PPT langtidssjukmeld. Leiaroppgåvane vart difor fordelt på fleire tilsette. Interne leiaroppgåver vart fordelt på tre PPT-tilsette ved kontoret, og eksterne leiaroppgåver vart lagt til konstituert kommunalsjef i Sogndal kommune. Då leiaroppgåvane er fordelt på fleire, har vi nytta PPT-leiing i staden for PPT-leiar i rapporten.

Aurland kommune og Sogn PPT hadde frist til 18. desember 2019 med å kommentere den førebelse tilsynsrapporten. Då kommunen ikkje har sett fram merknader, vert rapporten no gjort til endeleg tilsynsrapport.

Frist for retting av regelverksbrota er satt til **23. mars 2020**.

### **3. Utarbeide sakkunnige vurderingar og hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen**

#### **3.1 Rettslege krav - utarbeide sakkunnige vurderingar**

##### **Plikta til å utarbeide sakkunnige vurderingar**

PPT skal utarbeide ei sakkunnig vurdering for eleven så snart som mogleg etter at tilvisinga er motteken, jf. forvaltningslova § 11a.

##### **Saka skal vere tilstrekkeleg opplyst**

Elevar og foreldra skal få uttale seg når PPT greier ut og vurderer behovet for spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-4 tredje ledd og barnekonvensjonen artikkel 12. Den sakkunnige vurderinga skal vise korleis PPT har veklagt synspunkta deira.

På bakgrunn av informasjonen og materialet som kjem frå skulen, må PPT vurdere om dei skal hente inn fleire opplysningar, og om dei skal gjere eigne undersøkingar, jf. opplæringslova § 5-3 og forvaltningslova § 17. PPT skal hente inn fleire opplysningar og gjere eigne undersøkingar dersom det er nødvendig. Informasjonen dei hentar inn skal omfatte både forhold knytt til den enkelte eleven og opplæringssituasjonen. PPT må samarbeide med skulen i samband med dette.

Når det gjeld elevar ved friskular som skal drive opplæringa etter ein alternativ pedagogikk eller ein annan læreplan enn LK06, må PPT setje seg inn i korleis pedagogikken eller læreplanen verkar på opplæringa.

##### **Den sakkunnige vurderinga skal gjere greie for eleven sine behov og tilrå kva for opplæringstilbod eleven bør få**

Krava til innhald i ei sakkunnig vurdering følgjer av opplæringslova § 5-3 andre ledd.

I den sakkunnige vurderinga skal PPT

- gjere greie for kva for utbyte eleven får av den ordinære opplæringa
- gjere greie for eleven sine lærevanskar, og andre forhold som er viktige for opplæringa
- gjere greie for kva for moglegheiter eleven har innafor ordinær opplæring
- gjere greie for, og tilrå kva som er eleven sine realistiske opplæringsmål
- tilrå kor mange timer spesialundervisning eleven bør ha
- tilrå korleis skulen bør organisere spesialundervisninga
- tilrå eventuelle andre tilpassingar som PPT meiner at eleven treng for å få eit forsvarleg opplæringstilbod

Når PPT tilrår eit forsvarleg opplæringstilbod for eleven, må dei ta stilling til kva som er til eleven sitt beste, jf. barnekonvensjonen artikkel 3. Eleven sitt syn, er svært viktig i vurderinga av kva som er til eleven sitt beste. Det skal sterke omsyn til for at PPT kan setje eleven sitt beste til side.

På [www.reflex.udir.no](http://www.reflex.udir.no) er det meir informasjon om krava til å utarbeide sakkunnige vurderingar.

### **3.2 Hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for elevar med særskilde behov**

#### **Hjelpe skulane med å utvikle kompetansen**

PPT skal hjelpe skulane med å utvikle kompetansen for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særskilde behov, jf. opplæringslova § 5-6 andre ledd. Målgruppa er elevar som ikkje har tilfredsstillande utbyte av den ordinære opplæringa, og som såleis kan vere aktuelle for spesialundervisning, elevar som får spesialundervisning og elevar der dei elles er sakkunnig instans for tiltak på skulenivå.

Hjelpa kan omfatte både generell oppbygging av personalet sin kompetanse til å leggje til rette for målgruppa, og direkte rettleiing til personalet for å gi dei spesifikk kompetanse knytt til enkeltelevar. Personalet kan vere leiing, lærarar og assistenter. PPT kan hjelpe skulane ved at de deltek i møte, samtalar og andre rådgivningsaktivitetar. Dette kan vere på alle nivå, i tverrfaglege samarbeidsfora eller i mindre grupper med for eksempel lærarar.

PPT kan gjennom hjelp i individsaker styrke skulane sin generelle kompetanse til å oppdage vanskar tidleg og setje i verk tiltak på eit tidlegare tidspunkt. For at slik hjelp skal oppfylle kravet til systemretta arbeid, må det vere forankra hos leiinga og involvere fleire enn dei lærarane som jobbar med den aktuelle eleven.

PPT må vurdere ut frå skulane sitt behov kva for skular dei vel å hjelpe, og i kva for omfang.

#### **Hjelpe skulane med å utvikle organisasjonen**

PPT skal hjelpe skulane med å utvikle organisasjonen for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særskilde behov, jf. opplæringslova § 5-6 andre ledd.

Hjelpa kan vere å foreslå endringar i rutinar, arrangere møte for pedagogar, lærarar og leiarar om strukturelle- og organisasjonsmessige tema, for eksempel om individuelle opplæringsplanar, bruk av kartleggingsverktøy, spesialpedagogiske reglar og rutinar. PPT kan òg halde innlegg som handlar om å forbetre organisasjonsstrukturen, slik at elevar med særskilde behov kan få meir målretta og formålstilpassa hjelp. For at hjelpa skal vere egna til å utvikle skulane sin organisasjon, må hjelpa vere forankra hos leiinga ved skulane.

PPT må vurdere ut frå skulane sitt behov kva for skular dei vel òg hjelpe, og i kva for omfang.

På [www.reflex.udir.no](http://www.reflex.udir.no) er det meir informasjon om krava til å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for elevar med særskilde behov.

## **4. Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar**

### **4.1 Utarbeide sakkunnige vurderingar**

Vi viser til dei rettslege krava under pkt. 3.1.

Kontrollspørsmål: Utarbeider PPT sakkunnige vurderingar i dei tilfella opplæringslova krev det ?

PPT skal utarbeide sakkunnig vurdering i alle tilfelle der dei får tilvisingar om elevar som kan ha rett til spesialundervisning. Dette gjeld òg i saker der tenesta meiner eleven ikkje har behov for spesialundervisning.

PPT tilsette og PPT-leiing svarar ja i eigenvurderingane på spørsmål om PPT utarbeider sakkunnige vurderingar i dei tilfella opplæringslova krev det. Som kommentar vert det vist til opplæringslova § 5-3. I ei av dei innsendte sakkunnige vurderingane går det òg fram at PPT ikkje tilrår spesialundervisning, og tenesta tilrår at eleven sine opplæringsbehov vert løyst innafor den ordinære opplæringa. I intervju med PPT-tilsette er det stadfesta at dei alltid utarbeider sakkunnig vurdering, også i saker der PPT ikkje tilrår spesialundervisning.

#### Fylkesmannens vurdering og konklusjon

På bakgrunn av innsendt dokument og forhold som kjem fram i intervju finn Fylkesmannen det dokumentert at Sogn PPT utarbeider sakkunnige vurderingar når dei er forplikta til det etter opplæringslova, også når PPT ikkje tilrår spesialundervisning.

Krava i regelverket er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Får elevane gi uttrykk for si meining når PPT greier ut og vurderer behovet for spesialundervisning ?

PPT skal sikre at elevane skal kunne gi uttrykk for si meining når PPT greier ut og vurderer behovet for spesialundervisning.

PPT-tilsette og PPT-leiing svarar ja på spørsmål i eigenvurderinga om elevane får gi uttrykk for si meining når tenesta greier ut og vurderer behovet for spesialundervisning. I kommentarane vert det vist til opplæringslova § 5-4.

Alle sakkunnige vurderingar frå Aurland kommune har med eit punkt «informasjon frå eleven». Her går det fram at eleven si meining kjem direkte frå eleven eller gjennom føresette. PPT-tilsette forklarer i intervju at etter gjennomført vidareutdanning om sakkunnig vurdering, legg dei særleg vekt på at eleven si stemme skal vere ein del av det sakkunnige arbeidet. Dei forklarer at dette skjer på ulike måtar, til dømes snakkar dei med eleven om skulen og trivsel under kartleggingsarbeidet eller at tenesta deltek på utviklingssamtalen, gjerne på ungdomstrinnet. I intervju seier PPT-tilsette at dei vurderer dette til å vere ein innarbeidd rutine i tenesta, men seier at dei ikkje alltid skriv ned direkte elevane si meining i den sakkunnige vurderinga. Men eleven skal alltid få gi uttrykk for si meining før PPT ferdigstiller den sakkunnige vurderinga. PPT-tilsette har òg opplevd at eleven har sagt nei etter at sakkunnig vurdering er ferdig, til dømes dersom eleven ikkje ønskjer timar ute av klassen.

#### Fylkesmannens vurdering og konklusjon

Fylkesmannen finn at Sogn PPT har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at elevane får gi uttrykk for si meining når tenesta vurderer behov for spesialundervisning. Tenesta har hatt særleg merksemd på dette forholdet etter gjennomført vidareutdanning for tenesta. Gjennom intervju har vi òg fått døme på korleis tenesta går fram for å få fram elevane si meining. Vi finn at PPT sin praksis er i samsvar med lovkrava, jf. opplæringslova § 5-4 og barnekonvensjonen artikkel 12.

Krava i regelverket er oppfylt.

#### Kontrollspørsmål: Får foreldra til elevane uttale seg når PPT greier ut og vurderer behovet for spesialundervisning?

PPT skal sikre at foreldra får uttale seg når PPT greier ut og vurderer behovet for spesialundervisning.

I eigenvurderinga svarer både PPT-tilsette og PPT-leiing ja på spørsmål om foreldra får gi uttrykk for sine synspunkt når PPT greier ut og vurderer behovet for spesialundervisning.

Alle sakkunnige vurderingar frå Aurland kommune har med eit punkt «Informasjon frå føresette». Her er det teke med ulike opplysningar, t.d. om tidlegare forhold, eleven sine behov og meir dagsaktuelle opplysningar.

I intervju viser PPT-tilsette til dette punktet i den sakkunnige vurderinga. Dei opplyser vidare at til vanleg snakkar saksbehandlar med foreldre ved oppmelding, der saksbehandlar går gjennom den førebelse vurderinga med foreldra. Målet er at foreldra skal vere orienterte om tenesta sitt arbeid, men PPT-tilsette seier at dei ikkje alltid klarer å følgje denne rutinen fullt ut.

#### Fylkesmannens vurdering og konklusjon

Fylkesmannen finn at Sogn PPT har ein innarbeidd framgangsmåte som skal sikre at foreldra til elevar under 18 får uttale seg når PPT vurderer behovet for spesialundervisning. Sjølv om PPT seier at det nokre gonger har skjedd brot, finn vi at

tenesta har dokumentert ein innarbeidd praksis som er i samsvar med lovkrava, jf. opplæringslova § 5-4 tredje ledd.

Krava i regelverket er oppfylt.

*Kontrollspørsmål: Når PPT vurderer og tilrår tilbod om spesialundervisning, legg PPT a. vekt på synspunkta til elevar under 15 år i samsvar med elevens alder og mognad? b. stor vekt på synspunkta til elevar over 15 år og foreldre til elevar under 18 år?*

For elevar under 15 år, er det krav om at PPT skal vektlegge elevane sitt syn, det vil seie i samsvar med alder og mognad. Dersom eleven er over 15, er kravet strengare og PPT skal leggje stor vekt på synspunkta til eleven.

I eigenvurdering svarer både PPT-tilsette og PPT-leiar ja på spørsmålet om elevane får gi uttrykk for sine synspunkt utifrå alder og mognad.

I intervju med PPT-tilsette seier dei at elevane sine synspunkt er avgjerande, men dei poengterer ikkje dette særlege kravet i den sakkunnige vurderinga, det vi seie for elevar som har fylt 15 år. I ei av dei sakkunnige vurderingane frå Aurland kommune fyller eleven 15 år ved starten av skuleåret 2019-2020, men den aktuelle sakkunnige vurderinga viser ikkje at eleven sine synspunkt er vekta særleg eller er lagt stor vekt på. PPT-tilsette opplyser i intervju at dei ikkje sender eigen kopi av den sakkunnige vurderinga til elevar over 15 år, slik dei gjer for elevar i vidaregåande.

Vi viser òg til Geir Helgeland, Opplæringslova, Lovkommentar 3.utgave, der han skriv: «Også i grunnskulen bestemmer 15-åringene selv. Grunnskolelever som har fylt 15 år må derfor selv samtykke til sakkyndig vurdering eller spesialundervisning. Foreldrenes samtykke er i slike tilfeller ikke nødvendig.»

#### Fylkesmannens vurdering og konklusjon

I innlevert sakkunnig vurdering for elev som er 15 år ved skulestart, går det ikkje klart fram i kor stor grad eleven sine synspunkt er vekta, slik lova krev. Sogn PPT har ikkje dokumentert rutinar for korleis elevar over 15 si stemme kjem fram i prosessen, eller kva vekt eleven si stemme er gitt i den sakkunnige vurderinga. Forholdet er stadfestat både gjennom intervju og gjennom dokument.

Fylkesmannen konkluderer med at lovkrava om medverknad frå elevar under 15 år er oppfylt, jf. barnekonvensjonen artikkel 12. Krava om medverknad frå elevar over 15 år er derimot ikkje oppfylt, jf. opplæringslova § 5-4 tredje ledd.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

*Kontrollspørsmål: Opplyser PPT sakene så godt som mogeleg før dei utarbeider sakkunnige vurderingar?*

PPT skal gjere ei heilskapleg utgreiing av eleven både i forhold til eleven og opplæringsituasjonen. Tenesta må vurdere om det er behov for å hente inn meir informasjon eller gjere eigne undersøkingar.

Både PPT-tilsette og PPT-leiing svarer ja på alle spørsmåla i eigenvurderinga under dette kontrollspørsmålet utan å gje nærmere kommentarar. Det er levert inn ni sakkunnige vurderingar for elevar i Aurland kommune. Seks vurderingar gjeld for eitt skuleår (2019-2020), to for to år (2019-2021) og ei for tre år (2018-2021).

Alle sakkunnige vurderingar frå Aurland kommune har med eit punkt «Opplysningar som ligg til grunn for vurderinga» med fleire underpunkt med informasjon frå elev, føresette, skule og andre instansar. Deretter kjem PPT si vurdering og tilråding.

For at sakene skal vere opplyst så godt som råd, svarer PPT-tilsette i intervju at dette skjer gjennom samtalar med eleven og føresette, resultat frå tidlegare kartleggingar og observasjonar. Dei seier at dei kanskje ikkje er like flinke til å tydeleggjere resultata frå observasjonar. Kompleksiteten vil òg gjerne vere avgjerande. Tilsette seier at dei kanskje skriv litt ulikt om dette i dei sakkunnige vurderingane.

PPT-tilsette opplyser at tidlegare gjaldt gjerne dei sakkunnige vurderingane tre skuleår, men rutinen er no endra til at den sakkunnige vurderinga gjeld for eitt skuleår. Denne endringa har ført til at sakane er betre opplyst då dei får med nye opplysningar, til dømes i form av oppdaterte undersøkingar eller observasjonar. Samstundes meiner PPT-tilsette at dei no stiller tydlegare krav til skulen eller kommunen enn tidlegare.

#### Fylkesmannens vurdering og konklusjon

Sogn PPT endra tidlegare rutine slik at tenesta no i hovudsak utarbeider sakkunnige vurderingar for eitt skuleår. Dette vert stadfesta gjennom intervju og innsendte saker frå Aurland kommune. Når vi vurderer innhaldet i dei sakkunnige vurderingane, endring av tidsintervallet og tenesta sine arbeidsmåtar, finn Fylkesmannen at Sogn PPT opplyser sakene så godt som mogelege før dei utarbeider sakkunnige vurderingar, jf. opplæringslova § 5-3 og forvaltningslova §17.

Krava i regelverket er oppfylt.

#### Kontrollspørsmål: Utarbeider PPT sakkunnige vurderingar så snart som mogeleg?

Den sakkunnige vurderinga er ein del av saksførebuingane, og PPT må difor utarbeide den sakkunnige vurderinga så snart som mogleg, men dette vil variere frå sak til sak.

Både PPT-tilsette og PPT-leiar svarar nei på spørsmålet om stadig lang sakshandsamingstid alltid kjem av saka sin kompleksitet, og ikkje kapasitetsmessige utfordringar åleine.

Dei sakkunnige vurderingane frå Aurland kommune er alle skrive ferdig i perioden mars-mai. PPT-tilsette seier i intervju at denne perioden er i samsvar med skulane i Aurland sine årshjul for spesialundervisning. Sjølv om mars-april kan vere hektisk for PPT, meiner dei at å ferdigstille dei sakkunnige vurderingane i dette tidsrommet, er tidsnok i forhold til skulen si vidare behandling, det vil seie vedtak og utarbeiding av individuell

opplæringsplan (IOP). Når dei startar det vanlege arbeidet med sakkunnige vurderingar og som er ferdige i mars-april, seier PPT-tilsette at dei tek gjerne klasse for klasse.

PPT-tilsette seier i intervju at sakene vert lagt inn i saksbehandlingssystemet (Visma) etter kvart og fordelt til saksbehandlar. Når saka er registeret, sender Sogn PPT ei eiga melding til føresette «Svar på tilvising til Sogn PPT», der det vert opplyst om at meldinga eller saka er registrert og vidare at sakshandsamar tek kontakt når arbeidet startar opp. På spørsmål om PPT gjer prioriteringar av saker, til dømes dersom saker kjem inni skuleåret, svarar PPT-tilsette at dei i slike tilfelle gjer prioriteringar, og ein difor ikkje følgjer registreringsdatoane slavisk.

#### Fylkesmannens vurdering og konklusjon

Innleverte sakkunnige vurderingar frå Aurland kommune viser at hovudregelen er at Sogn PPT utarbeider sakkunnige vurderingar i mars-april. Sakene vert registrert etter kvart i tenesta sitt saksbehandlingssystem, men i intervju får vi òg opplyst at tenesta gjer prioriteringar utifrå vurdering av sakene, spesielt nye saker. Fylkesmannen finn at Sogn PPT utarbeider sakkunnige vurderingar snarast mogeleg og i samsvar med lovkrava, jf. forvaltningslova § 11a.

Krava i regelverket er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Gjer dei sakkunnige vurderingane greie for kva for utbyte elevane har av den ordinære opplæringa, elevane sine lærevanskar og andre forhold som er viktige for opplæringa og kva for mogelegheiter elevane har innanfor ordinær opplæring, og gir de en tilråding om elevane sine mogelegheiter i ordinær opplæring?

Vi undersøkjer om dei sakkunnige vurderingane gjer greie for elevane sitt utbyte av den ordinære opplæringa. Vi undersøker og Sogn PPT sin praksis knytt til tilråding om elevane sine mogelegheiter innanfor den ordinære opplæringa, til dømes tilpassingar av arbeidsmåtar, vurderingspraksis, innhald, metodar, organisering, læringsmiljø og struktur.

Både PPT-tilsette og PPT-leiar svarar ja på eigenvurderingsspørsmåla knytt til dette kontrollspørsmålet.

Dei sakkunnige vurderingane frå Aurland kommune har med eit eige punkt om den ordinære opplæringa og kva mogelegheiter eleven har innanfor denne opplæringa. I dei sakkunnige vurderingane formulerer Sogn PPT dette gjerne om eleven kan følgje/ikkje følgje klassen sine årsplanar i fag, om eleven treng støtte i fag, og kva type støtte eller tilpassingar eleven treng.

I intervju seier PPT-tilsette at for dei eldste elevane ser dei gjerne på elevane sine karakterar som ein indikasjon i kva grad eleven har utbytte av den ordinære opplæringa, dvs. i kva grad elevane følgjer kompetanseområda i faga. Vidare kan den sakkunnige vurderinga seie litt om undervisningsmetodar i klassen. Når det gjeld elevane sitt utbytte av den ordinære opplæringa, er dei sikrare dersom dette gjeld elevar dei har spesielt ansvar for som PPT-tilsett. PPT-tilsette seier vidare i intervju at dei i liten grad legg lokale læreplanar til grunn med tanke på å vurdere eleven sitt utbytte av den ordinære opplæringa.

Gjennomgang av dei sakkunnige vurderingane viser at PPT i liten grad skildrar sentrale forhold ved den ordinære opplæringa på trinnet/klassen, til dømes

- skulen sin vurderingspraksis og metodeval
- tiltak som skulen har sett i verk/prøvd ut
- skulen/læraren si vurdering av eleven sitt utbytte av den ordinære opplæringa korleis eleven skårar på kartleggingar
- skulen si vurdering av gjennomført spesialundervisning i årsrapport

#### Fylkesmannens vurdering og konklusjon.

For å kunne gjere greie for eleven sitt utbytte av den ordinære opplæringa, må PPT vite kva for læreplanar eleven skal følgje og innhaldet i planane. PPT må også kjenne til lokale læreplanar som klassen eller skulen nyttar. For å kunne vurdere om eleven har utbytte av den ordinære opplæringa, må PPT ha kunnskap til den ordinære opplæringa for klassen, trinnet og på skulen. Tenesta må også ha kjennskap til det lokale arbeidet med læreplanane. I intervju kjem det fram at PPT krev meir av skulen/kommunen enn tidlegare. Fylkesmannen finn likevel at sakkunnige vurderingar frå Aurland kommune ikkje i tilstrekkeleg grad skildrar og vurderer sentrale forhold ved den ordinære opplæringa, særleg i forhold til eleven sine vanskar. Fylkesmannen konkluderer med at Sogn PPT sin praksis på dette området ikkje er i samsvar med regelverket, jf. opplæringslova § 5-3 andre ledd.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

#### Kontrollspørsmål: Gjer dei sakkunnige vurderingane greie for og gir ei tilråding om kva for opplæringsmål som er realistiske for elevane?

Vi undersøkjer PPT sin praksis og i kva grad dei sakkunnige vurderingar gjer greie for elevane sine realistiske opplæringsmål. Det vil seie om eleven kan følgje alle kompetansemåla, eit utval av kompetansemåla, omformulerte kompetansemål eller andre/nye mål. For å kunne formulere realistiske opplæringsmål, må PPT ha kjennskap til innhaldet i læreplanane og skulen sitt lokale arbeid med læreplanane. Eit viktig utgangspunkt vil vere eleven sine vanskar, føresetnader og utviklingsmoglegheiter opp imot den ordinære opplæringa.

Både PPT-tilsette og PPT-leiar svarar ja på eigenvurderingsspørsmålet tilknytt dette kontrollspørsmålet.

I dei sakkunnige vurderingane frå Aurland kommune er det eit eige punkt "Eleven sine realistiske opplæringsmål i ulike fag". I nokre av vurderingane skriv Sogn PPT konkret om opplæringsmål og metodikk. På den andre sida er nokre av vurderingane generelle, som til dømes

- «låg måloppnåing i dei teoretiske faga»
- «kan følgje læreplanen i fag»
- «middels måloppnåing i dei teoretiske faga»
- «følgje klassens plan»
- «delta i den ordinære opplæringa så langt råd er»

- «meistre grunnleggjande lesing og rekning».

Vi finn også opplæringsmål som gjeld den generelle delen av læreplanen, til dømes «oppleve livskvalitet og glede», «høyre til klassen» og «meistre i eige tempo».

På spørsmål i kva grad PPT differensierer kompetanseområda i dei sakkunnige vurderingane, svarer PPT-tilsette i intervju at dei kanskje ikkje er like samstemde på dette punktet. I intervju seier PPT-tilsette at nokre i tenesta meiner dette vil vere å gå for langt inn på skulen sitt ansvar. Samstundes seier PPT-tilsette at dei ser at presise tilrådingar gjer det lettare for skulen i å fatte konkrete vedtak og IOP.

I nokre av dei sakkunnige vurderingane tilrår Sogn PPT «Norsk fordjuping i norsk med IOP». Utdanningsdirektoratet har utarbeidd eigen læreplan i fordjuping i norsk (NOR6-01). Slik vi forstår denne formuleringa er det at eleven har fordjuping i norsk etter denne læreplanen. Dersom eleven ikkje klarer å følgje læreplanen, skal PPT gjennom sakkunnig vurdere ta stilling til om eleven har behov for spesialundervisning, jf. opplæringslova §5-3. Etter sakkunnig vurdering gjer kommunen enkeltvedtak. Dersom kommunen gjer vedtak om spesialundervisning, skal skulen og læraren utarbeide IOP. Fylkesmannen kan ikkje fullt ut vurdere om «Norsk fordjuping i norsk med IOP» vert gjennomført i samsvar med regelverket.

#### Fylkesmannens vurdering og konklusjon

Vi har vist til at Sogn PPT sine sakkunnige vurderingane varierer frå generelle tilrådingar til meir inngåande metodiske tips. Når PPT skal tilrå realistiske opplæringsmål for elevar med særlege behov, må PPT gi tilråding om ulike realistiske målnivå for opplæringa for eleven. På bakgrunn av innleverte sakkunnige vurderingar frå Aurland kommune, kan vi ikkje sjå at Sogn PPT har ein innarbeidd praksis på dette området. PPT-tilsette seier òg i intervju at tenesta ikkje er heilt samstemde på dette punktet og at ein difor ikkje vil sjå dette i dei sakkunnige vurderingane. PPT må også vurdere om tilrådinga «Norsk fordjuping i norsk med IOP» er i samsvar med regelverket.

Fylkesmannen konkluderer med at Sogn PPT sin praksis ikkje er i samsvar med regelverket på dette området, det vil seie å gjere greie for og gi tilråding om kva for opplæringsmål som er realistiske for elevane, jf. opplæringslova § 5-3 andre ledd.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

#### Kontrollspørsmål: Gjer de sakkunnige vurderingane greie for, og tilrår kva for opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod?

Vi undersøkjer om Sogn PPT gjer greie for og tilrår kva for opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod basert på elevane sitt beste.

Både PPT-tilsette og PPT-leiing svarar ja på spørsmål eigenvurderinga om tenesta vurderer og gir tilråding om eit forsvarleg opplæringstilbod. Dette gjeld både i forhold til tilpassingar og elevens beste.

I ei av dei sakkunnige vurderingane frå Aurland kommune er det eit eige punkt «Opplæring som vil gje eit forsvarleg utbytte». I dei andre sakkunnige vurderingane

kjem PPT si tilråding fram under punktet «Tilråding», utan at omgrepene forsvarleg er nemnt spesielt. Ved gjennomgang av dei sakkunnige vurderingane frå Aurland kommune går det fram at Sogn PPT gir tilråding i form av omfang, organisering og innhald. I nokre av vurderingane tilrår PPT anna kompetanse som miljøterapeut, assistent eller tilsette med spesielle eigenskapar/relasjonar. Vi overprøver ikkje enkeltsaker, men i nokre av sakene er til dømes totaltimetalet (266 årstimar) tilrådd utan at PPT konkretiserer nærmare fordeling av timetalet på aktuelle fag.

I intervju med PPT-tilsette spurte vi nærmare om omgrep som går att, til dømes at timane bør organiserast i «lita gruppe». PPT-tilsette svarer at dette gjerne er drøfta med skulen slik at ein har ein felles forståing om kva ein legg i dette omgrepet. Vidare seier PPT-tilsette at både foreldra og eleven kjenner til kva som er meint i slike tilfelle. Vidare stilte vi spørsmål i intervju om PPT-tilsette meiner Sogn PPT sine tilrådingar er klare og tydelege. PPT-tilsette seier at dei ikkje har fått mange tilbakemeldingar om uklares/mangelfulle tilrådingar. Dei framhevar særleg den direkte kontakten med kontaktlærar og elles dialogen skule, foreldre/elev og PPT. Fylkesmannen finn at gjennom denne kontakten vil ein kunne etablere felles forståing av kva ein forstår som eit forsvarleg opplæringstilbod for eleven. Dette er forhold som òg vert framheva gjennom forsking<sup>3</sup>.

Når PPT vurderer kva for opplæring som vil gi eit forsvarleg opplæringstilbod, må tenesta òg ta stilling til kva som er eleven sitt beste. I to av dei sakkunnige vurderingane frå Aurland kommune er det i tilrådinga vist til barnekonvensjonen, artikkel 3 og 12. Spesielt barnet sin rett til gi uttrykk for si mening er framheva. Eleven si mening er også teke med seinare under PPT si tilråding. I dei andre sakkunnige vurderingane frå Aurland kommune er det ikkje vist særskilt til konvensjonen og artiklane. På spørsmål til PPT-tilsette seier dei i intervju at barnets beste er grunnleggjande haldning, men at dette forholdet ikkje alltid kjem like godt fram i dei sakkunnige vurderingane.

Som ein del av saksbehandlinga, må også PPT i den sakkunnige vurderinga ta stilling til kva som er barnet/elevens sitt beste. Kva moment PPT vurderer, vil nok variere frå sak til sak. Det vil seie aktuelle moment og vekting av moment. Ved gjennomgang av sakkunnige vurderingar frå Aurland kommune og Sogn PPT sin praksis, kan Fylkesmannen ikkje konkludere med at tenesta sin praksis på dette området er i samsvar med regelverket, spesielt elevens syn på spesialundervisninga vil vere sentralt. jf. opplæringslova § 5-3 andre ledd og barnekonvensjonen artikkel 3.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

## **4.2 Hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen**

Kontrollspørsmål: Hjelper PPT skulane gjennom systemretta arbeid med å utvikle kompetansen for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særskilde behov?

---

<sup>3</sup> Peder Haug Kva handlar spesialundervisning om, og kva funksjon har den? Forskningsprosjektet SPEED (2013-2017)

Vi undersøkjer om Sogn PPT hjelper skulane i Aurland kommune med å utvikle kompetansen for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særskilde behov. Målgruppa er elevar som ikkje har tilfredsstilande utbyte av den ordinære opplæringa, og som kan vere aktuelle for eller får spesialundervisning, og elevar der dei elles er sakkunnig instans for tiltak på skulenivå.

Både generell oppbygging av personalet sin kompetanse til å leggje til rette for målgruppa, og direkte rettleiing til personalet for å gi spesifikk kompetanse knytt til enkeltelevar, er døme på slik hjelp. Personalet kan vere leiing, lærarar og assistenter. PPT si hjelp kan vere deltaking i møte, samtalar og andre rådgivingsaktivitetar. Dette kan vere på alle nivå, i tverrfaglege samarbeidsfora eller i mindre personalgrupper.

Gjennom individsaker kan PPT styrke skulen sin generelle kompetanse, til dømes å oppdage vanskar tidleg og setje i verk tiltak på tidlegare tidspunkt. For at slik hjelp skal oppfylle kravet til systemretta arbeid, må det vere forankra hos leiinga og involvere fleire enn dei lærarane som jobbar med den aktuelle eleven.

Både PPT-tilsette og PPT-leiar svarar ja på eigenvurderingsspørsmåla tilknytt dette kontrollspørsmålet. Spørsmåla er om PPT hjelper skulane med å utvikle kompetansen for å kunne legge til rette opplæringa, om hjelpa er forankra hos skuleleiinga, at hjelpa involverer fleire enn lærarane som arbeider med den aktuelle eleven og om tenesta vurderer kva skular dei vil hjelpe med å utvikle kompetansen.

I intervju svarer PPT-tilsette at dei har hjelpt skulen i Aurland kommune med klassemiljø. Etter ønskje frå lærarar og skuleleiing, ønskjer dei at PPT skal vere ein samtalepart for dei. PPT-tilsette seier at foreldra bad skulen om å arbeide meir med klassemiljø, og foreldra sitt initiativ vart òg støtta av skulen og skuleleiinga.

På spørsmål om kva kompetanse skulane i Aurland har trong for, seier PPT-tilsette at det er trong for kommunikasjonskompetanse. Samordning av tilbod til barn med særskilde behov er eit område skulane i Aurland kommune opplever som utfordrande. Det har mellom anna vore sentralt å bevisstgjere dei tilsette på eleven sine behov med tanke på ei felles forståing mellom heim-skule. Sogn PPT nyttar mest ressursar mot å utvikle kompetansen på den største skulen i Aurland kommune, som er ein kombinert barne- og ungdomsskule.

#### Fylkesmannens vurdering og konklusjon

Vi ser at Sogn PPT gjerne er drøftingspart eller samtalepartnar ved skulane i Aurland kommune. Til dømes kan dette vere i forhold til bestemte klassar og i utfordrande saker. PPT har hjelpt skulen i Aurland med forhold knytt til klassemiljø. Vi vurderer dette til å vere eit felles ønskje frå foreldre og tilsette ved skulen. I elevsaker ser vi at PPT har tilført kompetanse med tanke på å bevisstgjere partane i forhold til barnet sine behov, samordning av tiltak og kommunikasjon mellom partane. Vi ser at PPT si hjelp er retta mot elevar med særskilde behov og at hjelpa har involvert fleire partar. Det vil seie fleire enn dei som arbeider med den aktuelle eleven. Vi vurderer at PPT si hjelp med å utvikle skulen sin kompetanse i forhold til målgruppa er forankra hos skuleleiinga.

Fylkesmannen konkluderer med at Sogn PPT hjelper skulane i Aurland med å utvikle kompetansen for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særskilde behov, jf. opplæringslova § 5-6 andre ledd.

Krava i regelverket er oppfylt.

*Kontrollspørsmål: Hjelper PPT skulen gjennom systemretta arbeid med å utvikle organisasjonen for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særskilde behov?*

Vi undersøkjer om Sogn PPT hjelper skulane i Aurland kommune med å utvikle organisasjonen for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særskilde behov. Hjelpa kan vere å foreslå endringar i rutinar, arrangere møte for pedagogar, lærarar og leiarar om strukturelle- og organisasjonsmessige tema, for eksempel om individuelle opplæringsplanar, bruk av kartleggingsverktøy, spesialpedagogiske reglar og rutinar. PPT kan òg halde innlegg som handlar om å forbetre organisasjonsstrukturen, slik at elevar med særskilde behov kan få meir målretta og formålstilpassa hjelp. For at hjelpa skal vere egna til å utvikle skulane sin organisasjon, må hjelpa vere forankra hos leiinga ved skulane.

Både PPT-tilsette og PPT-leiar svarar ja på eigenvurderingsspørsmåla tilknytt dette kontrollspørsmålet. Spørsmåla er om PPT hjelper skulane med å utvikle organisasjonen for å kunne legge til rette opplæringa for elevar med særlege behov, om hjelpa er forankra hos skuleleiinga og om tenesta vurderer kva skular dei vil hjelpe med å utvikle organisasjonen. I kommentar til svara skriv PPT-leiinga at dei er på tilbodssida, men som oftast er det skulane som bestiller denne tenesta frå PPT. PPT-leiinga skriv at dersom dei ser at skulen som organisasjon vil ha nytte av eit tilbod dei kan gi, er dette noko PPT bidreg med.

I intervju seier PPT-tilsette at skulen i Aurland kommune har hatt merksemld på organisasjonsutvikling for at elevar med særskilde behov skal vere inkludert i klassen. PPT-tilsette seier vidare i intervju at dei gjerne tilbyr skulen meir hjelp enn skulen etterspør, men at PPT sine råd ikkje alltid vert prioritert. Elles seier PPT-tilsette at tenesta har gitt metodehjelp for at skulen skal kunne nytte verktøyet «Innblikk»<sup>4</sup>. Denne hjelpa har vore retta mot ein klasse for å kunne førebygge og avdekke mobbing. Sogn PPT har gitt slik hjelp til den aktuelle klassen over fleire årstrinn, det vil seie frå 7. til 10. årstrinn. PPT-tilsette opplever at Sogn PPT har god kompetanse på dette området og at dei aktuelle PPT-tilsette kjenner skulane i Aurland kommune godt.

**Fylkesmannens vurdering og konklusjon**

Vi vurderer Sogn PPT til å gje skulen i Aurland aktuell hjelp med tanke på å utvikle skulen som organisasjon i forhold til elevar med særskilde behov. Vi vurderer PPT si hjelp til å vere i samsvar tilsette og skuleleiinga sine prioriteringar og ønskje, og at tenesta gjere tilbyr meir hjelp enn kva skulen etterspør.

Fylkesmannen konkluderer med at Sogn PPT hjelper skulane i Aurland med å utvikle organisasjonen for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særskilde behov, jf. opplæringslova § 5-6 andre ledd.

Krava i regelverket er oppfylt.

---

<sup>4</sup> Læringsmiljøsenteret: Innblikk - et sosial-analytisk verktøy for å forebygge og avdekke skjult mobbing

## **5. Førehandsvarsel om vedtak**

Vi har i kapitel 4 vist til brot på gjeldande regelverk som gjeld for PPT sitt arbeid «Utarbeide sakkunnige vurderingar» og «Hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for elevar med særskilte behov.» Dette er eit førehandsvarsel om vedtak etter forvaltningslova § 16.

Aurland kommune kan uttale seg om Fylkesmannens tolking, det faktiske grunnlaget som er lagt til grunn, og våre vurderingar og konklusjonar.

Etter utløpet av fristen, vil Fylkesmannen utarbeide ein endeleg tilsynsrapport. I den endelege tilsynsrapporten vil kommunen få ein rimeleg frist til å rette regelverksbrot. Dersom regelverksbrot ikkje er retta innan fristen i den endelege tilsynsrapporten, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting.

Vi varslar at følgjande pålegg kan bli vedteke:

### **Utarbeide sakkunnige vurderingar**

*1. Aurland kommune må syte for at det blir utarbeidd ei sakkunnig vurdering av dei særskilde behova til eleven før kommunen gjer vedtak om spesialundervisning, jf. opplæringslova §§ 5-3 og 5-4 og barnekonvensjonen artikkel 3 og 12. Kommunen må i samband med det sjå til at PPT:*

- a. ved vurdering og tilråding om spesialundervisning legg stor vekt på synspunkta til elevar over 15 år og synspunkta til foreldre til elevar under 18 år
- b. i dei sakkunnige vurderingane gjere greie for kva for utbyte elevane har av den ordinære opplæringa,
  - i. elevane sine lærevanskar
  - ii. andre forhold som er viktige
  - iii. kva for mogelegheiter elevane har innafor opplæringa
  - iv. tilråding om elevane sine mogelegheiter innafor opplæringa
- c. i dei sakkunnige vurderingane gjere greie for og gir ei tilråding om kva for opplæringsmål som er realistiske for elevane
- d. i dei sakkunnige vurderingane gjere greie for, og tilrår kva for opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod

## **6. Frist for retting av brot på regelverket**

Kommunen skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Kommunen har frist for retting av regelverksbrota til **23. mars 2020**.

Kommunen skal sende ei erklæring til Fylkesmannen om at forholda er retta og ei utgreiing om korleis brota er retta.

Dersom regelverksbrota ikkje er retta til fristen, vil vi vedta pålegg om retting. Eit pålegg om retting er eit vedtak som de kan klage på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Leikanger 3. januar 2020

Helge Pedersen  
tilsynsleiar

Karstein Fardal  
seniorrådgjevar

## **Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget**

### **Gjere vedtak om spesialundervisning og oppfylle krava til enkeltvedtak**

#### Innsendte dokument

- Eigenvurdering frå tilsette i Sogn PPT gjennom RefLex
- Eigenvurdering frå PPT-leiar ved Sogn PPT gjennom RefLex
- Sogn PPT: Mal «Svar på tilvising til Sogn PPT»

#### Intervju

Fungerande PPT-leiing ved Sogn PPT

Tilsette ved Sogn PPT